

**Roy Njåstad**

---

**Fra:** Arne-Helge Byrknes <arne-helge.byrknes@addenergy.no>  
**Sendt:** 27. april 2015 22:14  
**Til:** Roy Njåstad  
**Emne:** Merknader til nabovarsel for tiltak på Gnr 134 bnr 471

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

Til  
Byggprosjekt AS  
v/Roy G Njåstad  
Møllendalsbakken 2  
5009 Bergen

**Merknader til nabovarsel for tiltak på Gnr 134 bnr 471**

For det første vil eg anmerke at eg prinsipielt er usamd i at det skal gjevast dispensasjon frå gjeldenade bygningsplan dersom dette medfører ulemper for oss som har etablert oss her og kjøpt eigedommar med tilhøyrande uteareal pa bakgrunn av gjeldande, godkjende planar. At det medfører økonomiske kostnader for utbyggjar å rette opp dei avvik «som har oppstått» og setje uteområdet i den stand som er føresett i gjeldande plan blir heilt og holdent utbyggjar sitt ansvar, og må ikkje gå utover eksisterande bebuarar. Det går ikkje klart fram av beskrivelsen som er gitt i nabovarselet at dei omsøkte dispensasjonar ikkje medfører ulemper for eksiserande bebuarar.

For det andre vil eg peike på at heile nabovarselet er mangelfullt og til dels uforståeleg. Det blir vist til nummer og betegnelsar som ikkje er å finne på den vedlagte situasjonsplanen. Det blir også i mange av punkta vist til beskrivelsar som skal finnast i kontrollrapport fra A/Stab punkt ditt og figur datt, utan at denne kontrollrapporten er lagt ved eller gjort tilgjengeleg for oss som mottek nabovarselet. Eg meiner difor at nabovarselet ikkje oppfyller dei krava som må stillast til eit slikt, og at søknaden må avvisast inntil det for det føreligg eit komplett nabovarsel som inneheld alle detaljar og beskrivelsar som må til for at eg som nabo til tiltaket skal kunne gjere meg opp ei mening.

Med venleg helsing

Arne-Helge Byrknes  
Postboks 26  
5979 Byrknesøy